



Julestoffet er jo ikkje den type musikk som rytmegruppa har mest å gjera på, men så høyrer vi jo desto tydelegare kor viktige dei er når dei er med. Her ser vi ein konsertrett gjeng; f.v. Stian Myklebust, Julie Myklebust og Kathrine Røsland. (Foto: Thor Inge Døssland)

**Uskedal skulemusikk inviterte tysdag kveld til ein konsert dei hadde kalla huskonsert. Målet med konserten var både at musikantane skulle få øving i å opptre, og at publikum skulle få høve til å høyra ei unge og flinke musikantane. Og at alle skulle kosa seg i lag og ha eit triveleg avbrekk i førjulsstria.**

Då musikanten Hans Fredrik Guddal Zimmer ønskte velkommen, var det samla seg ein fin publikumsskare rundt småborda som var fint pynta i aktivitetshuset.

Podiet var overlete til korpset, og Magnhild Haugland vikarierte som dirigent for dagen. Under hennar leiing gav dei publikum ei fin konsertavdeling. Hovudvekta var sjølvstilt lagt på julemusikk, og det var kjekt å høyra korpset i ei større avdeling enn det var tid til under kyrkjekonserten søndag. Korpset kom flott frå framføringane. Det vart skikkeleg julestemning i salen!

Hans Fredrik hadde overlete konferansieroppgåva til to andre musikarar, Kaja Døssland og Katrine Yri Røsland. Dei heldt publikum godt orientert om kva nummer som vart spela.

Då applausen hadde lagt seg etter konsertavdelinga, opptredde dei to styremedlemmene, Gerd Ingunn Bauge og Randi G. Zimmer, som julenissar. Musikarane fekk kvar sin kjekk førjulspakke; - badehandkle med Uskedal skulemusikk brodert på. Det vart sjølvstilt sett stor pris på.

Deretter var det klart for lappar, peparkaker, julebrus og kaffi. Dette var tydeleg noko som fall i smak, og folk kosa seg verkeleg rundt borda. Innimellom drøsen var det eit fint innslag ved Kari Anne Y. Halvorsen. Ho hadde ved sesongstart lova premie til musikanten med størst øvingsframmøte. Eit godt tiltak. Ved opteljing viste det seg att heile 14 av medlemmene hadde hundre prosent frammøte. Dermed måtte det loddrekning til. Ingvill Sture var den heldige eigar av namnet som vart trekt opp av den gamle uniformshatten. Ho fekk ein velfortent premie! Fleirtalet av dei resterande hadde berre vore borte frå ei samling. Det gode frammøtet fortel at medlemmene har ein hobby dei trivst med. Det er og ein viktig del av forklaringa på den fine framgangen som korpset har hatt.

Randi G. Zimmer takka for frammøtet før konserten vart avslutta ved at publikum song Deilig er jorden til messingtonane frå skulekorpset. Ein vellukka konsert i ei triveleg ramme. Ei kveldsstund som både publikummarar og musikantar stor pris på.

Av Thor Inge Døssland